

Lovise Lavik,
Grimstad

Stille Stunder

Eit norskt blad for tru og gudlegdom

Nr. 8.

30. april.

Bladstyre: Johannes A. Barstad, Peter Hognestad, Bernt Støylen.

42. årgang

1930.

Vår store Frelsar.

«Han skal vera stor og kallast son å den høgste, og Herren Gud skal gjëva honom kongstsolen åt David; ættfaren hans; han skal vera konge yver Jakobsæfti i all æva, og det skal ikkje vera ende på kongedømet hans». Luk. 1, 32, 33.

I fastetidi, då me minnest Jesu djupe nedring, kjem denne englebodskapen frå himmelen som talar um Jesu stordom. Det tykkjест å vere ein motsetning millom det me i fastetidi hev for augo og desse engleordi. Er den ringe og lāge, den hædde og vanakta, den fatige og toluge verkeleg stor? Ja, segjer engelen som ber bod frå Gud, han er stor, han skal sitja på Israels heltekonge sin etter uppreiste konsstol. Styringstidi hans skal vera utan ende.

Me minnest profeten Mika sine ord um Messias-hyrdingen han såg i sitt store profetsyn. (Mi. 5, 3.) «Og han skal standa og gjæta i Herrens kräft; i Herrens sin Guds høge namn; og dei skal sitja trygt; for no skal han vera stor, til endane av jordi». Og me minnest dette vitne-mål av Peter: (2. Petersb. 1, 16) «Me hadde vore augnevittne til hans storvelde». Verdi som dømer ber-

re etter det ytre, motsegjer dette. Ho spør: Er der noko stort ved det vesle fatige barnet i kribba i Bethlehem? Eller i handverkargutten i Nasaret? Eller den vanakta profeten, lekemannspreikaren millom bøndene i Galilæa? Eller i den lidande mannen i Getsemåne, i fangen for det høge råd og for Pilatus? I den hudslengde, klungerkrynte og krossfeste? Nei, segjer verdi, i alt det der er det ingen stordom for oss. Det er avstygging og dårskap, for ringt og lågt for den høge og langt framskreidne mennesketanke. Eit kulturmenneske frå notidi kann ikkje vere kjent av å sjå noko stort i dette.

Men då stig trui fram og vitnar for den store verd: «Dette er nettuupp stordom, den rette og sanne, etter Guds stordomsideal.

Stor var han frå æva som Guds einborne son, stor som den veldige heimsbyggmeisteren som var med og sette solene i sine banor i det endelause himmelrom.

Men størst er den stordom som openberrar seg i hans djupe nedring. For det er kjærleiken s endelause stordom. Den stordom at han friviljug vilde stiga ned til dei lægste og verta som den ringaste — at han som då han var i Guds skapnad, ikkje heldt det for eit ran å vera Gud lik, men gav sjølv avkall på det og tok ein tenars skapnad på,

med di han kom i likning med menneske, og i åferd vart funnen som eit menneske — at han nedra seg sjølv, so han vart lydig alt til dauden, ja til dauden på krossen. Dette er ikkje verdi sitt stordomsideal, men det er det sanne stordomsideal, det som lyfter høgst og når lengst.

Det sat ein fange på St. Helena. Verdi sitt stordomsideal, som er æra, rikdom og makt, hadde han fylgt lengre enn nokon. Han hadde sett seg heimsherredømet som mål, og han hadde natt langt på veg. Kongekrunor sanka han på sitt hovud, og folki skalv for hans velde. Men stordomei hans hadde brotna under han, hans truna låg no i gruset. Då fortelst det, at han tok til å tenkja på mannen frå Nåsaret som ikke trygt på sin kongsstol — ja som framleides auka sitt rike, lovprisa og elskar millionar, endå han hadde lyft sin kongsstav yver verdi i so mange hundrad år. Han tok til å skimta hans stordomsideal og måtte sanna at han som herska ved kjærleikens makt hadde natt endelaust langt lengre. I dette hadde den store fange so visst rett.

Den makt vår Frelsar valde å herska ved er den største i verdi. Med kjærleikens makt hev han herteke menneskehjarto og bøygde dei som vatsbekkjer. Med den makt

Ved eit høve gjorde folk den uppdraging at når vatnet minka i det øvste vatnet, minka det også i det nedanfor. Det nedste vatnet fekk soleis gjenom ein løynd gang vatn frå det øvste. Dette er biletet på Guds kjærleik og den kjærleiken som er i oss. Hjarta vårt er nedste sjøen. Me hev ingi kjelda i oss til sann ueigennytig elsk. Me må ha tillaupt frå Guds store kjærleik. Me må drikka av kjelda!

Bøn og fasta.

Kvi kunde ikkje me dra ut åndi? Han svara: Dette slaget kann ikkje drivast ut på anna vis enn med bøn og fasta. Mark. 9, 28; 29.

Læresveinane åt Jesus hadde synt stor åndeleg vanmakt. Dei som på fyrste prøvereisi si hadde gjort so store ting, at dei endå hadde røynt at dei vonde ånder var dei undergjevne, dei stend maktlause då det galdt å berga guten med den mållause åndi. Jesus vart sorgfull ved å høyra um denne maktløysa, og det steig ein tung sukk frå hjarta hans: «Å, du vantrune ætt! Kor lenge skal eg vera hjå dykk?»

Han kunde venta noko anna. Hadde ikkje han gjeve læresveinane makt til å treda på ormar og skorpionar og yver alt fiendens velde? Hadde ikkje han gjeve dei rett til å verka i hans eige namn?

No gjeng dei rådville og duglause.

«Å, du vantrune ætt,» segjer Jesus og ser seg sorgtung ikring. Han skynnar straks kor det hev seg. Den vantrune ånd i ætti hadde smitta dei, og fenge makt yver dei. Trui var vorte nåmi. Dermed var krafti burte.

Men kvifor hadde den vantrune åndi fenge slik makt yver dei? Hadde ikkje dei det som kunde verja dei mot den vonde innverknad?

«Kvi kunde ikkje me dra ut åndi,» spør dei. Jesus svarar med dei ålvorsame ordi: Bøn og fasta.

De hev ikkje halde trudomslivet friskt i dykkt ved å lata det bløma upp i dei two naudsynlege livsgreiner: Bøn og fasta — var den løynede refsing som låg i ordi.

Bøn er den mottakande sida ved trudomslivet. At ein alltid held sitt tote kar fram for Gud. At ein alltid dreg vatn med gleda or frekvens kjelda. At ein alltid er inkje i seg sjølv, alltid tyrst og hungrande etter rettferd so ein tek imot Guds nåderikdömi.

Fasta er den fråsegjande og nektande sida ved trudomslivet. At eg klårt og greidt fråsegjer meg djevelen og all hans gjerd. At eg skil lag med og nektar den ånd som er av djevelen. Ja at eg fråsegjer meg alt det som stend i vegen for meg i mitt trudomsliv. At eg ofrar noko for kristenlivet og kristenuppgåva. Bøni giev næring so tru og von og kjærleik veks og styrkjest, men fasta verjar for vond innverknad og set klår grensa for djevelens ånde verd.

I åndeleg tyding er det sant at «mennesket er kva det et». Den ånd vil ráda i eit menneske som det nærer seg av. Nærer ein seg av Guds ånd vil Guds ånd ráda. Nærer ein seg av verdi si ånd, vil verdi si ånd ráda.

Bøn og fasta skal hjelpe oss til den reine føda, bøni som berre nyt Gud, fasta som skil ut det vonde og skadelege. Vért det smått med bøn og fasta vert vår åndelege uppnøring veik. Etter som karet ved minkande bøn tømest for Gud, vil det fyllast med verdi. Og so veiknar me burt, vert åndeleg duglause. Difor — vedhaldande bøn og heil tru! Klår og greid vedkjennning, klår og greid fråsegjing! Då vert kristenlivet eit friskt tre som kann bera frukt, ein kraftig arm som evlar noko. Diverre — bøn og faste er ikkje sermerkjande for vår tid.

Difor er der so liti kraft, og dei vonde ånder vert so lite drevne ut. So mange vert freista til å lempe seg etter tidsåndi og tidsmeiningane, og gjera kristendomen smakeleg for vår tid. Berre dei set seg ved føtene av tidi sine store ånder og lærer korleis dei skal få klæda Kristus og evangeliet hans um, so er sigeren vunnen. For ei narrong. Dei merkar ikkje at medan dei ligg upp til bärmen åt den vantrune åndsmakt i tidi so vert blodet løyngleg soge or dei. Makti er burte når det gjeld å hjelpa menneskehjarto ut av satan si makt.

No koo kann dei gjea. Meneskelaeg og sedeleag reisningsarbeid kan i dei driva. Men å løysa syndebånd i inste hjarterot, brjota det eigenlege storvelde og hjelpe ei sjel frå satans makt til Gud, evlar dei ikkje. «Dette slaget kann ikkje drivast ut på anna vis enn med bøn og fasta.»

Han såg djupt og sant han som sa desse ordi.

Han minner um at berre då vil Guds makt syna seg hjå oss til siger når me held grensone klåre, so me er heilt for Gud, heilt mot det vonde. Ikkje let hjarta og sinn vera ålmennveg for alt i den store åndeheimen, men prøver åndene um dei er av Gud. Trakkar på ormens sjølv um han kjem med englemæle som til Eva i paradis. Då vil det verta vokster i åndeleg kraft og ein vert av dei som ved tame hev tilvande sjansar til å skilja mellom godt og vondt. Då vilde ved bøn og fasta den åndelege dug veksa, og det vilde verta meir av den rette kristelege eldhug som ein so ofte saknar.

Åtte me alle meir av det ekte trudomsliv som skyt vokster ved bøn og fasta, vilde ikkje den sterke verdensåndi maktstela Guds folk. Me vilde vera fylt av den ånd som er sterke. Me vilde vera høyelege reidskap som Jesus kunde grunnfesta sitt velde ved i vårt folk. Me vilde alle stå saman som ei sterke

hev han brigda heimsens skapnad. Det ikkje allmaksi evla hev hans kjærleiks makt kunna gjera: Skapa forherda motstandarar til lydige og friviljuge tenrarar.

Og denne kjærleikens sigersmakt samlar seg i krossen, det sterkeste uttrykk for hans tenande offer. Der er brennpunktet. Der er kjærleiken ikkje til å stå imot. Der smelter han dei hardaste hjarto og bryt ned dei sterkeste stengslor.

Må du ikkje sånna det du som hev vorte frelst ved denne hans kjærleiks makt? Det var ikkje då du såg stordomen i Guds heilagdom og rettferd, han tok inn ditt hjarta, då vart du grepen av redsla, og du måtte klaga med Jesaja då han såg Guds heilagdoms stordom i templet: «Usæl eg, eg er fortapt». Ved denne stordomen vert du heller støytt burt og du rømer for Gud. Nei, det var då kjærleikens stordom i Kristi ikross synte seg for deg at du måtte lata upp og bjoda han inn. Då yvergav du deg.

I hans kongsstordom er der også allmaki. Men ho tenar kjærleiken. Med allmaks stordom styrer han trådane i heimssoga og tek alle krefter i si tenesta. Men det gjer han i kjærleikens interesse. Som all annan stordom hjå vår store Frelsar tenar den største, krossens, den ofrande kjærleiks fridom.

JOHANNES BARSTAD.

Drikk av kjelda.

Etter Funcke.

I ei avsides grond ikkje langt frå Rom er der bygd ei liti kyrkja som heiter tres fontaneae, det tyder: Dei tri kjeldor. Denne kyrkja er liti og vesal samanlikna med Sankt Peter sin mektige katedral. Likevel er den einsame vesle kyrkja ein dyreverdig og heilag stad for alle kristne. For etter segni er ho bygd på den staden der apostelen Paulus uppgav si ånd under sverdet å bœ-

KROSSEN.

Krossen, krossen alle sankar,
kven dei er, og kvar dei vankar,
krossen femner verdi all.

Høge låge, små og stor
høyre gjenom krossensordet
Herrens sterke nådekall.

Krossen, krossen armar breider
verjande til alle leider,
krossens skugge byd oss kvild.
Sjå den rad av millionar
syndarar ikring sin sonar,
som frå krossen skodar mild.

Krossen, krossen ber vår Frelsar,
lyfter honom so han helsar
frå si høgd den heile jord.
Alle dreg han til sitt hjarte
Midt i natti stjernor bjarte
blenkjer frå hans kjærlek stor.

Krossens blomar ut seg falda
krossen berer livsens alda
for ei ætt av dauden brend.
Syndarar den alda nyter
safti turre lippor fryder,
og til livet upp dei stend.

Dyre kross, ver du mitt merke
og mi verja og mitt sterke
anker her på livsens hav.
Og når eingong kjem min daude,
lys då kross med blodet raude
som eit kveldskin yver grav.

JOHANNES BARSTAD.

delen. Namnet «dei tri kjeldor», hev det seg soleis med:

Inne i kyrkja siklar tri kjeldor med friskt, klårt vatn natt og dag. Det vert fortalt at dei ikkje hev vore der alltid, men at dei skuldar døden at den store heidningapostel sitt tilvære. Der hovudet hans fall til jordi, rann brått desse kjeldene fram.

Det er ei segn, men det ligg ei djup tyding i henne. I røyndi lever apostelen endå, og endå i dag drikk tusen menneske av alle jordi sine ætter og tungemål av dei kjeldor som strøynde fram i hans steg av det heilage livet hans og hans heila-

ge død. Ogso me hev mange gonger kveikt oss ved deira friske vatn, medan me vandra i denne øydemarki. Me hev drukke mang ein kosteleg drykk av dei, når me sette oss for augo verksemdu og lidingane hans, livet og kjærleiken hans. Kor mektug ein mann hev ikkje Paulus vore, denne mann som var utan alt det som ein i verdi kalla makt, denne mannen som alle stader vart trykt, trengd og forfylgd av dei som hadde makt på jordi, denne mannen med taggen i kjøtet, med merki av Jesu Kristi sår på sitt lekam, som vart vanakta av verdi og likevel med all si umsus, kjærleik og lengsla umfata heile verdi.

Men hadde ikkje dette hjarta vore fyllt med Jesu Kristi ånd so hadde alle denne mannen sine høge og store uppgåvor berre tent ein blodtyrstig fanatisme. Kann henda namnet hans hadde vorte gjøymt til våre dagar, men berre liksom namni åt Kajafas, Herodes, Nero og Diokletian av di so mangfaldige Guds borns blod ropar desse namni til himmelen. I apostelen Paulus sitt liv og si verksemdu hev Jesu Kristi makt og kjærleik vunne sin herle-gaste siger. Den himmelske kjærleiken som frå Jesu hjarta strøynde ned i Paulus sitt lengfande, sund-brotne, men sterke hjarta var det som verká det underfulle umskifte hjå denne mannen, og skapa ei livsens kjeldar i han og gjorde han sterke og rik til å femna heile verdi med sin heilage kjærleik og tena sine ringe brør slik som aldri noko vanleg menneske hev gjort. Det Paulus var, det var han av di han støtt gjekk inn og ut hjå Gud. Denne underfulle elsk som han elskar menneski med, denne truskap, visdom og kraft henta han dagleg der ogso me dagleg kann henta dei, — under Kristi kross og ved Kristi tome grav. — I eit fjellstrøk i Tyskland er der på ein stad two djupe fjellvatn, det eine yver det andre.

eidhugher, uppglødde for det eine store at Jesus måtte få sigre ved oss og i oss.

Gud sende si vekkjingsånd, og lære oss i sanning bøn og fasta.

JOHANNES BARSTAD.

Professoren si umvending.

For mange år sidan døydde ein høgvyrda lækjar og professor i Sverige. Det største ved han var at han var ein varm og sann kristen.

Han var alt ein mann i fyrtiåri, og var ein søkt lækjar som det stod stort ry av. Hans meininger um det som høyrer Gud og sjeli si frelse til, var helst tvilande. Ein materialist, det vil sege ein som nektar tilveret åt Gud og dei guddomlege ting, var han ikkje. Han var som so mange andre likeasæl.

So hende det at han fekk ein patient som skulde verta eit reidskap i Guds hand til det store umbrøyte i hans liv. Det var ei kvinna av jødiske foreldre, men umvend til kristendomen. Denne kvinna leid av ein sers pinefull sjukdom. Professoren hadde funne at ingen av dei sjuke greidde bere desse svære pinslor.

Denne kvinna var roleg, stille og tolmodig. Stundom gjekk eit drag av tiding over andletet hennar. Men den varme smilen slo med det same ut som dei vakraste rosor miljøm klungertaggar. Kva var dette? Professoren undra seg. So spurde han likefram og med djup interesse: Korleis kann De bera Dykkar svære pinslor med so stort tolmod?

Med eit forklåra augnelag som professoren aldri gløymde svara ho: «Alt dette vinn me yver ved honom, som hev elsko oss».

Dette ordet slo ned som ein gnei-

ste i sjeli hans og kasta med ein gong ljós yver myrke vidder. Med eitt stod martyrbåli og dei tunge trengslor åt Kristi vedkjennarar for hans sjels auga. Han såg dei vera glade og lukkelege under trengslor og pinslor, ja midt i den flammande eld. Det han fyrr hadde tvila på, såg han her for sine augo. For var noko i verdi sant, so var dette vitnemålet åt den lidande kvinnen det.

Ikkje lenge etter var ho slokna. Men elden frå himmelen som hennar varme vitnemål hadde tendt i professoren si sjel, brann — brann til eit evigt liv. Og han kunde ikkje tegje. Ved hennar båre la han, ein av merkesmennene i den medisinske vitskap, fram sitt første vitnemål som kristen. Med yvertyding av heile sitt hjarta sa han: Her stand eg og kann ikkje anna. Eg hev funne at der er ei tru som yvergieng verdi, ei von som jublende ropar excelsior, (høgare upp, nærmere Gud) ein kjærleik som lider og berer alt. Eg er yvervunnen.

Han vart ein audmjuk Herrens tenar, og skjørdest ikkje meir ved hans evangelium.

Broderkjærleik.

Den spanske martyr Matamoros sat i fengsel. Langt frå honom i andre spanske byar sat truebrør skuldige i same lovbro: å ha lese og utbreidt bibelen. Ein dag barker det på fegselsdøri og ei røyst ropar: Matamoros, du er fri! Og kva var det fyrste ordet hans då han sprang upp ved denne bodskapen? Jau han sa: «Og dei andre?» Han kom i hug medfangane sine. Utan dei tykte han at fridomen var berre ei halv gåva.

Du som hev vorte løyst av Kristus og frelst frå alle synder frå dauden og djevelens makt ved

hans dyre blod, kjem ogso du i hug dine medfangar her heime og der ute i heidningverdi?

Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126 ved Landmannstorget.

Framifrå stell.

Beste og billegaste matstover i byen Husbunad i norsk stil. Stort bladhald.

Bondeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegt. 20

Kaffistova, Torget 6

Kaffistova, Østervåg 25.

GOD MAT OG GODT STELL.

Bladmannaskulen

gjev rettleiding i bladskriving. Upp-læringsi vert gjevi gjennom brevbytte og vert tilmåta etter det kvar elev ynskjer. Plan fritt.

Bladstyrar Hans Aarnes,
Kristiansand S.

Solglimit

månadsblad for Norsk vanføresak —

kjem ut i Alvøy, pris kr. 2,00 um året. Meldingar, utgreidningar um saki frå inn- og utland, forteljingar o. a. Styd vanføresaki ved å tinga bladet!

FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve av studentmållaga i Oslo, Nidaros og Aas.

Kostar berre kr. 1,50 kvartalet. Fritt og friskt.

Hugs bladpengane!

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadlar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingi fast. Tilskrift til styret og sendestova er sokneprest Barstad, Volda.